



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.05.2026

Vår ref.: 202419274-22 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

## Varsel om oppstart av områderegulering og høring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for Slettene vindkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Vindafjord kommune har motteke melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for Slettene vindkraftverk i Vindafjord kommune i Rogaland fylke.

Meldinga er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no/26124/A](http://www.nve.no/26124/A) og på kommunen sine nettsider [Kunngjering av planar og høyringar - Vindafjord kommune](#).

Meldinga med forslag til plan- og utgreiingsprogram danner grunnlaget for

- ein områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova, handsaming i Vindafjord kommune
- konsesjonshandsaming etter energilova, handsaming av NVE.

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9 blir det varsla oppstart av «Områderegulering for Slettene vindkraftverk» samt høring og offentleg ettersyn av plan- og utgreiingsprogram.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for produksjon av vindkraft.

### NVE og Vindafjord kommune samarbeider om høringa

Vindafjord kommune og NVE tar sikte på eit felles plan- og utgreiingsprogram. Formannskapet i Vindafjord kommune vedtek plan- og utgreiingsprogrammet for forslaget til områdereguleringa. NVE fastset plan- og utgreiingsprogrammet for konsesjonssøknaden.

Det er avtalt med Vindafjord kommune at NVE kan varsle oppstart av planarbeid og sende melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram på høring.

Eit varsel om *oppstart av planarbeid* informerer dei det gjeld og myndigheiter om at eit planarbeid skal starte. Varselet beskriv formålet med planlegginga og inviterer til innspel.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

[www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



VINDAFJORD  
KOMMUNE

*Meldinga* gir eit tidleg varsel om planlegging av eit vindkraftverk. Meldinga inneheld omtale av prosjektet, oppsummering av forventa verknader, og forslag til kva som skal greiast ut før det kan søkast konsesjon.

*Forslag til plan- og utgreiingsprogram* omtalar områdeplanprosessen og dei temaa som skal konsekvensutgreiast i utarbeidinga av planen.

## **Høyringsfråsegn kan sendast NVE innan 24. august 2026.**

Dei som ønskjer, kan sende innspel til både varsel om oppstart og til meldinga og til plan- og utgreiingsprogrammet. Etter avtale mellom NVE og kommunen, skal alle innspel sendast til NVE. Gjennom høyringa ønskjer vi å få innspel til forslaget i plan- og utgreiingsprogrammet, inkludert tema som manglar, spesielle lokale tilhøve som ikkje er ivaretekne og innspel til metodar som bør nyttast til særskilde tema.

Meldinga med framlegg til plan- og utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no/26124/A](http://www.nve.no/26124/A) og på kommunen sine nettsider [Slettene vindkraft - Vindafjord kommune](#). Meldinga og varsel om oppstart av områderegulering er kunngjort i Grannar og Haugesunds Avis.

Høyringsfråsegn til både oppstart av planarbeid og melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram kan sendast til NVE på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på internettsida [www.nve.no/26124/A](http://www.nve.no/26124/A)
- via e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) (merk e-post med «Høyringsfråsegn saksnummer 202419274 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

## **Invitasjon til offentleg møte**

NVE og Vindafjord kommune held offentleg møte om saka **onsdag 17. juni kl. 19:00**. Møtet finn stad i Skjold Arena, Vikanesvegen 8, 5574 Skjold. På møtet vil NVE og Vindafjord kommune orientere om sakshandsaminga, og tiltakshavaren Eviny AS vil informere om prosjektet. Møtet er ope for alle.

## **Prosjektet**

Vindkraftverket er meldt med ein installert effekt på inntil 100 MW og ein årleg kraftproduksjon på om lag 300 GWh. Planen omfattar 12–15 vindturbinar over eit område på 3,9 km<sup>2</sup>. Vindturbinane kan få ei totalhøgde på opp til 220 meter.

Det er planlagt å byggje ein ny transformatorstasjon i vindkraftverket og ei 132 kV kraftleidning frå denne transformatorstasjonen til det eksisterande regionale distribusjonsnett.

Tilknytingspunktet til nettet vil vere Våg transformatorstasjon i Tysvær.

Tilkomst er planlagt frå E134 (Haukelivegen) i søraust, og vil i stor grad følgje eksisterande vegar inn til vindkraftverket. Ein mogleg tilkomst er frå nord, som truleg vil gå frå Håvikvegen og sørover inn til anlegget.




NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



VINDAFJORD  
KOMMUNE



Figur 1: Planområdet for Slettene vindkraftverk, inkludert mulige tilkomstvegar

## Tiltakshavar må orientere grunneigarar, rettshavarar, m. fl.

Eviny AS vil sjølv sende høyringsbrevet til grunneigarar og rettshavarar som tiltaket vedkjem. Det vil seie alle grunneigarar og festerar av eigedomar innanfor ei sone på to kilometer frå yttergrensa til planområdet. I tillegg vil dei orientere grunneigarar/rettshavarar som ligg innanfor eit belte på 100 meter på kvar side av kraftleidninga.

## Anna

For meir informasjon om NVE si konsesjonshandsaming av vindkraftverk på land, viser vi til nettsida [Vindkraft på land - NVE](#). For generell informasjon om korleis vindkraft påverkar ulike tema, viser vi til nettsida [Kunnskapsgrunnlag om virkningar av vindkraft på land - NVE](#).

Samtidig som denne saka blir sendt på høyring, blir det òg sendt ei anna vindkraftsak i Vindafjord kommune på høyring, nemleg Haugaland Industrikraft. Du kan lese meir om denne saka på nettsidene til NVE: [www.nve.no/26120/A](http://www.nve.no/26120/A).

## Spørsmål om saka?

Spørsmål om planane kan de rette til Eviny AS v/Mats H. G. Jønland, tlf.: 97 12 12 54 eller e-post: mats.jonland@eviny.no. Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/seksjon for energikonsesjonar, tlf.: 40 44 74 59 eller e-post: energikonsesjoner@nve.no. Opplysningar om Vindafjord kommune si handsaming kan de få ved å kontakte Vindafjord kommune v/Thomas Vestbø, tlf.: 97 54 01 80 eller e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no.



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



**VINDAFJORD  
KOMMUNE**

Med helsing

Bjørnar Vestvik

Rådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

Vindafjord turlag  
Natur og Ungdom Haugaland  
Vindafjord Jakt og Fiskelag  
Naturvernforbundet i Vindafjord og Etne  
Vindafjord skogeierlag  
Skjold Bondelag  
Norsk sau og geit - Skjold lokallag  
Haugesund Turistforening  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
TYSVÆR KOMMUNE  
VINDAFJORD KOMMUNE  
Sveio kommune  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
STATNETT SF  
Meteorologisk institutt  
FORNYBAR NORGE  
NORGES NATURVERNFORBUND  
Forsvarsbygg  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest  
Norges Miljøvernforbund  
Naturvernforbundet i Rogaland  
Nasjonale kommunikasjonsmyndighet  
TELIA NORGE AS  
TELENOR NORGE AS  
Birdlife Norge  
Luftfartstilsynet  
Norskog  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



**VINDAFJORD  
KOMMUNE**

Kystverket  
AVINOR AS  
Mattilsynet  
NHO Reiseliv  
Zero Emission Resource Organisation AS  
Forum for natur og friluftsliv Rogaland  
Norges Skogeierforbund  
Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling  
Rogaland Bondelag  
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND  
Friluftsrådet Vest  
LA NATUREN LEVE  
EVINY AS  
Helsedirektoratet  
Landbruksdirektoratet  
FAGNE AS  
Grunneigarar/rettshavarar  
Norsk Luftambulans AS  
Norges Televisjon AS  
Norsk Friluftsliv  
NORGES LUFTSPORTFORBUND  
Naboer/gjenboere  
SKJOLD BYGDALAG  
MOTVIND NORGE  
MOTVIND SØRVEST  
OFFSHORE NORGE AS  
Norges Bonde- og småbrukerlag - Tysvær og Bokn  
ICE COMMUNICATION NORGE AS  
NHO LUFTFART  
Folkehelseutvalget i Motvind Norge  
MOTVIND VINDAFJORD

**Kopimottakarliste:**